

> GODE BESØKSTAL I SOMMAR

Fleire og fleire vil besøka Årets Museum 2009 og Europas beste teknologimuseum. Jærmuseet har hatt ei auke på 12% i turistsesongen mai - august, samanlikna med i fjor. Då er Tungenes Fyr ikkje rekna med. - men her meldest det óg om gode besøkstal.



På Vitengarden i sommar fekk dei besøkande vera med bonden og bondekona på stell av dyra og baking av gamaldags mat som eplekaker og kjørvvelsuppe.

Alle anlegga hadde ei positiv auke og juli var den best besøkte månaden for Vitengarden og Vitenfabrikken medan dei lokale anlegga Grødaland, Limagarden og Vistnestunet hadde best besøk i juni. På fleire anlegg hadde ein fleire publikumsaktivitetar enn tidlegare, noko som viste seg å vera særst populært. Gledelig er det óg å registrera at fleire og fleire frå Austlandet finn vegen til Jæren!

Det er kjekt å sjå at fokuseringa vår på barn og unge vert lagt merke til. Her koser 3 jenter seg med leik på Grødaland - frå ferieklubben i sommar.

**> NOREGS HERLIGASTE BARNEMUSEUM**

Bladet "Reiser&Fritid" kåra i august dei 15 herlegaste musea i Noreg og Jærmuseet med Vitenfabrikken og Vitengarden er blant desse! Målet med kåringa var å heidra dei musea som "løfter og levedegjør, de som engasjerer og formidler med entusiasme og kunnskap".

Bladet delte musea inn i 5 kategoriar, med 3 museum i kvar kategori. Jærmuseet kom då med i kategorien "barn". Dei to andre musea i denne kategorien var Atlanterhavsparken i Ålesund og Naturhistorisk museum i Oslo. Øvrege kategoriar var "kunst", "opplevelse", "verdten omvei" og "historie" - der Norsk Oljemuseum i Stavanger var mellom dei tre beste.

[Nasjonalt Garborgsenter]: > "DE HAR STARTA PÅ EI STORSATSING!"

Dette sa kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa då ho sette spada i jorda under markeringa av byggestart av Nasjonalt Garborgsenter og Time bibliotek, 17. august. - "De har valt å satsa på ungdom i alderen 15-25 år, det er lurt av dokke", la ministeren til.

Etter 15 år med planer er me endeleg i gang, sa ordførar i Time, Arnfinn Vigrestad. Alle femteklassingar i Time

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa og ordførar i Time, Arnfinn Vigrestad, gler seg begge til Time Bibliotek og Nasjonalt Garborgsenter vert opna.



var inviterte til opninga, og i tillegg til taler ved ordførar og statsråd var det også kulturelle innslap. Gravearbeidet har alt starta, og i oktober 2010 skal biblioteket vera klart. Tidleg i 2011 skal Nasjonalt Garborgsenter opnast.

Nasjonalt Garborgsenter er óg med i prosjektet "Mot til å meina", der målet er å få fleire ungdommar til å engasjera seg i politikken. Bak prosjektet står kommunane Time, Hjelmeland og Sauda, og elevar frå Bryne, Strand og Sauda vidaregåande skular deltar i eit brukarpanel. I forbindelse med Stortingsvalet arrangerte ungdommar frå dei tre skulane valdebatt i Storstova i Bryne, 7.september. Det var eit imponerande arbeid som var gjort i forkant og ungdommane fekk grilla stortingspolitikarane frå Rogalandsbenken på fleire område. Ungdommane hadde óg lagt ned mykje arbeid i den tekniske gjennomføringa - der publikum kunne både stemma og senda inn spørsmål via sms.

[Tungenes Fyr]: > MARKERING AV KYSTVERKMUSEA PÅ TUNGENES

Fredag 28. august inviterte Randaberg kommune til markering av ystverkmusea på Tungenes Fyr. Kystverkmusea er Kystverket sitt etatsmuseum og består forutan Tungenes Fyr, av Lindesnes

Tungenes Fyr er eit av dei 4 Kystverkmusea i Norge. Randaberg kommune inviterte til markering i august.



Fyrmuseum, Sunnmøre Museum/Dalsfjord Fyrmuseum og Museum Nord/Lofotmuseet.

Mest heile Rogalandsbenken var til stades under markeringa, og det var ei flott markering med taler, pianospel og omvisning på Tungenes fyr for dei som ynskte det. Kystdirektør Kirsti Lovise Slotsvik haldt hovudtalen, og samanlikna Tungenes Fyr med eit barn som blei adoptert vekk. Seinare traff mora barnet igjen og såg kor godt det hadde fått det. Kystdirektøren var glad for at musea no samla seg for å kunne samarbeide på fleire område.

Saman skal Kystverkmusea bidra til dokumentasjon, bevaring, forskning og formidling innanfor heile etaten sitt virkefelt. Tungenes Fyr vil ha eit særskilt fokus på los, trafikkovervakinga langs kysten og navigasjon. Dette blir i første omgang gjenspegla i eit nyutvikla formidlingsopplegg for skuleklasser der det overordna pedagogiske prinsippet er "å lære ved å gjera". I framtida er planen å opprette eit maritimt vitensenter på Tungenes, det første av sitt slag i Norge.

[Vitenfabrikken]: > **DIABOLO-SOMMAR PÅ VITENFABRIKKEN**

Vitenfabrikken kasta seg på diabolo-bølga i sommar, og fabrikkarbeidarane arrangerte kurs kvar veke som ein del av sommaraktivitetane.

Diabolo blei funne opp i Kina for 3700 år sidan, og blei fyrst brukt som våpen. Det som held diaboloen stabil er det same som gjer at sykkelen står oppreist når du sykklar, fysikken i dette er noko Vitenfabrikken ynskte å fokusera på.

Etter mange kurs, så blei sommaren avslutta med ein stor diabolo-dag 29. august med konkurransar og show.

Mange barn deltok i konkurransane og viste imponerende rutinar med høge kast og gode triks. Sjongleringsgruppa FLAKS hjelte til med organiseringa, og hadde eit forrykande show med sjonglering etter konkurransen. Det var premier til alle, og Vitenfabrikken håper å gjenta suksessen neste år.



Deltakarane i Diabolo-konkurransen hadde ein imponerende teknikk. Foto: Hallvard Nygård

> **DET SKJER – I HAUST:**

September og oktober er ei travel tid med mykje aktivitet på alle våre anlegg. Her er nokre smakebitar:

Fredag 25.september:

Research night, Vitenfabrikken

Laurdag 26.september:

Forskningstorg, Vitenfabrikken

Sundag 27.september:

Fiskedag ved Limavatnet, Limagarden/Gjesdal

Leik med luft, aktivitetsdag på

Flyhistorisk Museum Sola

Bake- og Speledag, Grødal

Torsdag 1.oktober:

- Bokkfaé Verdensdagen for psykisk Helse, og foredragsserien "Natur på torsdag" Naturfotograf og forfatter Vidar Lunde, Suldal: *Kronhjortens hemmeligheter*. Begge arr. på Vitenfabrikken

5.- 9. oktober:

Hautstferie med masse spennande aktivitetar på Vitenfabrikken og Vitengarden

Torsdag 8.oktober:

Foredragsserien "Natur på torsdag" Biolog Bjarne Oddane: I hubrolandskap på Høg-Jæren, Vitenfabrikken

Torsdag 15. oktober:

Foredragsserien "Natur på torsdag" Professor II Jonny Beyer: *PAH i Karmsundet – etter Søderberg*, Vitenfabrikken.



På Grødal 27.september kan besøkande vera med på gamle spel. Her er det Alf Nesheim som lærar opp den yngre generasjonen i "Daldøs".

BESØK NETTSIDENE VÅRE FOR MEIR INFORMASJON OM VÅRE ARRANGEMENT I SEPTEMBER OG OKTOBER!

> **NYE MEDARBEIDARAR**

Jærmuseet ynskjer fylgjande medarbeidarar velkomne på laget:

LIV INGER ESPEDAL Museumspedagog, Vitenfabrikken

MAGNE HOGNESTAD Museumspedagog, Vitengarden

ODD KJETIL LILAND Museumsbonde/vaktmeister, Vitengarden

ELSE RUGAARD Resepsjonist, Vitengarden

HAND DYBVAD OLESEN Driftsleiar lokale anlegg, Jærmuseet

*Kva skjer? 14: SEPTEMBER 2009

Ansvarleg redaktør: Målfrid Snørteland
Innspel kan sendes til: post@jaermuseet.no

Designmal: unniform

**Velkommen til
Jærmuseet!**